



Notat

Dato: 02.07.2015
Arkivsak: 2014/21469-4
Saksbehandlar: pernord1

Til: Lars Øyvind Birkenes, Gunhild Raddum, Anne Mette Nesje Porten, Britt Karen Spjeld, Annbjørg Laupsa, Kari Patricia Kleppe

Frå: Per Nordmark

Høyring av arealdel til kommuneplan for Fusa - frist 20. aug.

Eg har i dag fått inn arealdelen av kommuneplan for Fusa. Kommunen har gitt høyringsfrist til 20. august. Kommunen er veldig opptatt av at planen må ferdighandsamast av sitjande kommunestyre – ei rimeleg målsetjing med kommunen sitt perspektiv.

Arealdel til kommuneplan skal normalt handsamast av KURE, og motsegner skal politisk handsamast. KURE har neste møte 20. august. Skal saka handsamast i dette møtet må saksframlegget vera klart ca 4. august for godkjenning av seksjonsleiar og direktør, før den går til rådmannen for endeleg godkjenning.

Eg har ferie frå 20. juli og er tilbake 10. aug. Vi har uansett ei utfordring her.

Om det er mogeleg ber eg om rask tilbakemelding, og ber særleg om de ser om det er tilhøve som kan gjeva grunnlag for motsegn.

Planomtale og føresegner og retningsliner er ikkje så store dokument, vel 20 sider kvar, KU og ROS er eit dokument på ca 240 sider. Dette dokumentet har vi etter det eg ser ikkje mottatt, men det ligg på kommunen si nettside.

